Vokalar og konsonantar

Les historia under og sjå om du kan skjønne kva som står på skilta til dyra:

Ein dag bestemde katten Felix seg for å dra på eventyr. På vegen møtte han ei lita spretten mus, ein vakker fugl og ein diger grøn frosk. Det rare var at desse dyra ikkje kunne vokalar. Heldigvis forstod Felix kva dei skreiv til han. Skjønnar du kva dyra fortalde Felix?

Foto: Piotr Musioł, Unsplash

Musa

H Flx.
Vl d vr md p skttjkt?

Fuglen

D m fnn tr nklr
i skgn. D lsr pp i skttkst.

Frosken

Skttn r dn vss d
fnn skttkst vtnt bk mg.
Lkk tl!

Oppgåver

1. Avkod meldingane til dei tre dyra. Kva står på skilta?
2. Skriv dei tre beskjedane på nytt, men denne gongen tek du bort konsonantane og skriv berre vokalane. Kva trur du skjer då?
3. Kva trur du er grunnen til at det er forskjell på om vokalar eller konsonantar blir fjerna? Snakk med ein læringsvenn om kva de trur er grunnen til ulikskapen.
4. Lag nokre oppgåver til læringsvennen din og sjå om setningane lèt seg avkode.
5. Korleis trur du det gjekk med Felix? Fullfør historia.

Foto: Joshua J. Cotten, Jan Meeus, Avin CP, Unsplash

Nysgjerrigper